



Fløysand Va AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1957 - 17/22907

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
15.11.2017

Godkjenning - Tilkopling til kommunalt vassverk på gbnr 18/20

Administrativt vedtak. Saknr: 304/2017

Saksutgreiing:

Det er i søknad journalført motteke 16.08.2017, supplert 01.10.2017, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for våningshus/einebustad på eigedomen gbnr 18/20 på Sagstad.

Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via privat vassledning som er lagt fram til naboeigedomen gbnr 18/52. Denne leidningen vart godkjent etablert i 1979-80, sjå vedlagt situasjonskart som viser leidningstraseèn som blei godkjent i 1979-80. Søkjar, Kjell Sagstad, er eigar av begge eigedomane.

Vurdering:

Eigedomen har har godkjent utslepp og administrasjonen har ingen merknader til at eigedomen blir tilknytt det kommunale vassverket.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring frå Fløysand VA, as, jf pbl § 23-3.

Vedtak:

«Meland kommune godkjenner at bustaden på eigedomen gbnr 18/20 blir tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført 16.08.2017, på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» - kommuneforlaget.
- Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000, pluss mva per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova.»

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart
gbnr 18-52 - leidningstrase